

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skrevet: 01.02.2006
 Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 05.12.05 – 31.01.06**

Styresak 003/06 O

Styremøte 08.02. 2006

Administrerende direktør si orientering pkt. 8

Bakgrunn

Del 1 i oversikten gjeld saker der det statlege tilsyns-, kontroll- eller klageorgan har vendt seg direkte til Helse Vest RHF.

Oversikten inneheld

- nye saker tilsendt i perioden 05.12.05 – 31.01.06
- eldre saker dersom desse ikkje var avslutta ved sist rapportering

I del 2 er det tatt inn konkrete tilsyns-, kontroll- og klagesaker som gjeld helseføretaka i regionen.

Del 1

Tilsynsmyndigheit	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	20.12.05	Som eit ledd i kontrollen for rekneskapsåret 2004 vil Riksrevisjonen sjå på nye verksemder etablert i helseregionane i perioden. Det er bede om innsending av dokumentasjon knytt til nye verksemder etablert i 2005. Svarfrist: 21. januar 2006.	Svar på førespurnad sendt 23. januar 2006. Det er ikkje etablert verksemder.
	10.01.06	I føretaksmøtet 17.01.05 stilte HOD krav om utarbeiding av et samla opplegg for internkontroll og etablering av internrevisjon. Riksrevisjonen følgjer i kontrollen for 2005 opp saka og ber om ei utgreiing, Svarfrist: 1. februar 2006.	Svar på førespurnad sendt 01.02.06. I svart er det gjort greie for etablering av kontrollkomitê, styret si oppfølging av arbeidet med internkontroll, rapportering til HOD i 2005, etablering av internrevisjon, årsplan for internrevisjonen og om

			internrevisjonen sitt arbeid med risikovurdering.
	17.01.06	I føretaksmøtet 17.01.05 stilte HOD krav om ei tydelegare organisatorisk og systemmessig markering mellom dei to rollene som ivaretar av "sørgje for"-ansvaret og som eigar av underliggjande helseføretak. Riksrevisjonen følgjer i kontrollen for 2005 opp forholdet og ber om ei utgreiing om kva som er gjort.	Svarfrist: 15. februar 2006.
Statens helsetilsyn	Mars 05	Overbelegg ved Sandviken sjukehus. Pålegg om å rette forholda ved Sandviken sjukehus. Helse Vest har i samarbeid med Helse Bergen utarbeidd ein handlingsplan for å rette forholda ved Sandviken sjukehus. Helse Bergen/Helse Vest har frå mai 2005 jamleg rapportert på utviklinga når det gjeld overbelegg og korridorpasientar.	Rapportering frå Helse Bergen for november 2005 viser eit belegg på 110 % på akuttpostane eller korttidsavdelingane samla. Dette gjeld alle innskrivne ved postane, og det er ikkje gjort fråtrekk for personar som til ein kvar tid er i permisjon. Kontrollert for permisjon var belegget 103 %. Ser ein på plassane ved Sandviken isolert, var beleggsprosenten høgare, dvs 119 og 109 %. Dette representerar ein forverring av situasjonen som også har nødvendiggjort bruk av korridorsenger for å ivareta ansvaret for pasientar som vert henvist og som treng innlegging på dette nivået. Ytterlegare tiltak vert sette i verk for å betre situasjonen. Rapportering frå Helse Bergen for desember 2005 viser eit belegg på 106 % på akuttpostane eller korttidsavdelingane samla. Dette gjeld alle innskrivne ved postane, og det er ikkje gjort fråtrekk for personar som til ein kvar tid er i permisjon. Kontrollert for permisjon var belegget 97 %. Ser ein på plassane ved Sandviken isolert, var beleggsprosenten høgare,

			dvs 115 og 103 %. Situasjonen er betra samanlikna med november 2005. Det har likevel vore nødvendig å nytta i snitt 4 korridorsenger pr døgn i desember. Til samanlikning var det 15,9 korridorpasientar pr døgn i desember 2004. . Det er framleis behov for å setja i verk ytterlegare tiltak for å betre og stabilisere situasjonen.
	16.06.05	Tilsyn ved rehabiliteringsklinikken, seksjon Lassa, Helse Stavanger. Heletilsynet i Rogaland har med bakgrunn i tilsynet tatt opp ein skilde forhold som gjeld prioriteringskriteria for rehabiliteringstenesta og bruken av desse når det gjeld inntak av pasientar frå Helse Stavanger og Helse Fonna sine områder. Det blir bedt om Helse Vest sin avklaring i forhold til desse forholda. Det er ikkje sett frist for tilbakemeldinga. Helse Vest har i brev av 01.07.05 bedt Helse Stavanger om deira kommentarar. I brev frå Helsetilsynet i Rogaland 30.09.05 er det opplyst at ein har fått oversendt prioriteringskriteria frå alle spesialitetar og at den del av saka no er avklara. Helsetilsynet peiker framleis på at det under tilsynet blei reist spørsmål knytt til Lassa sitt ansvar ovanfor pasientar frå Fonna, og at desse spørsmåla framleis ikkje er avklart. Helsetilsynet ber om at Helse Vest bidrar til å klargjere dette.	Helse Vest har i brev til Helse Stavanger 12.10.05 bedt om svar i saka så snart råd er. Svar frå Helse Stavanger motteke 04.11.05. Av svaret går det fram at ved Lassa er mellom 20 og 25 % av innleggingane frå Helse Fonna – dette gjeld både primærrehabilitering og enklare utgreiingsopphald. Helse Vest har i brev til Helsetilsynet i Rogaland 25.11.05 orientert om at vi legg til grunn at ein praksis

			kor pasientar frå Helse Stavanger sitt nedslagsfelt blir prioritert før pasientar frå Helse Fonna, ikkje er i samsvar med reglane i lov om pasientrettar. Helse Vest har samtidig sagt at saka vil bli tatt opp med helseføretaket. I brev til Helse Stavanger 25.11.05 gjer Helse Vest greie for at prioriteringspraksisen ved rehabiliteringsklinikken ikkje er i samsvar med lova. Hovudregelen er at alle pasientar skal prioriterast likt uavhengig av bustad. Det er i visse tilfelle mogleg å avvise pasientar frå andre regionar, men tilsvarende regel gjeld ikkje innanfor eigen helseregion. I brev frå Helsetilsynet i Rogaland motteke 06.12.05 er det opplyst at Helsetilsynet er tilfreds med slik Helse Vest har handtert saka, og at saka er avslutta hjå Helsetilsynet.
Arbeidstilsynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Arbeidstilsynet i perioden.		
Datatisynet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Datatisynet i perioden.		
Klagenemnda for offentlige anskaffingar	Det er ikkje registret nye saker i perioden.		
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		
Dispensasjons- og klagenemnda for behandling i utlandet	Det er ikkje motteke nokre saker frå Disposasjons- og klagenemnda i perioden.		

Del 2

Tilsynsmyndighet	Dato for brev	Kva saka gjeld	Kommentarar/status
Riksrevisjonen	Det er ikkje registrert nye saker i perioden.		
Statens helsetilsyn	12.01.06	Helse Fonna. Oversending av rapport frå tilsyn med Helse Fonna HF, Folgefonn DPS, Vaksen-psykiatrisk poliklinikk Odda. Ved tilsynet blei det påpeikt eitt avvik frå gjeldande regelverk. Helseføretaket har ikkje i tilstrekkeleg grad sikra at pasientar ved poliklinikken får nødvendig medisinsk vurdering og oppfølging. Helsetilsynet ber om tilbakemelding innan 1. mars 2006 om kva tiltak som blir sette i verk for å lukke dette avviket.	
Arbeidstilsynet	16.12.05	Helse Bergen. Tilsynsrapport. Varsel om pålegg. Arbeidstilsynet har i 2005 gjennomført kampanjen "God vakt". Med bakgrunn i tilsynet har Helse Bergen gjennom 6 hovudpunkt fått 11 varsel om pålegg. Helse Bergen er gitt frist til 06.02.06 til å uttale seg om innhaldet i rapporten og dei pålegg som er varsla.	
	18.01.06	Haraldsplass Diakonale Sjukehus. Tilsynsrapport. Varsel om pålegg. Arbeidstilsynet har i 2005 gjennomført kampanjen "God vakt". Med bakgrunn i tilsynet har HDS gjennom 4 hovudpunkt fått 9 varsel om pålegg. HDS er gitt frist til 01.03.06 til å uttale seg om innhaldet i rapporten og dei pålegg som er varsla.	
Datatilsynet		Det er ikkje registrert nye saker i perioden	

Klagenemnda for offentlige anskaffingar	22.02.05	Helse Bergen. Klager: Sogn og Fjordane Taxi AS. Klager deltok i ein open anbodskonkurranse for sjuketransport. Det er påpeikt i klagen at det ikkje er gitt korrekt grunngjeving, og at det ikkje er gitt tilstrekkeleg innsyn.	Avgjerd føreligg ikkje.
	22.04.05	Helse Bergen. Klager er Austevoll Taxi. Klager deltok i ein anbodskonkurranse for sjuketransport. Det blir hevda at vald leverandør skulle vore avvist.	Avgjerd føreligg ikkje.
	09.05.05	Helse Stavanger. Klager: MT Vest AS. Saka gjeld konkurranse med forhandling om kjøp av frikjøleprosjekt. Klagen gjeld spørsmål om sakleg grunn til avlysing av konkurranse, spørsmål om det er gjennomført reelle forhandlingar, spørsmål om ein utan har gjort ein konkurranseavgrensande samankopling av ytingar.	Saka avvist 15.12.05 som sak som klårt ikkje kan føre fram..
	01.08.05	Helse Bergen. Klager: Techno System AS. Saka gjeld konkurranse vedrørande kjøp av respiratorar. Klager hevder at ein ved evalueringa har handla i strid med kravet til forutberegnelighet.	Avgjerd føreligg ikkje.
Sivilombudsmannen	Det er ikkje motteke nokre saker frå Sivilombudsmannen i perioden.		